



Uskedelingane stig i land etter ein fin tur innover fjorden. Langfossen i bakgrunnen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rundt rekna 20 vart med då Uskedalen Utvikling tysdag ettermiddag inviterte til studietur til Åkrafjorden for å henta kunnskap og inspirasjon til ei større turist-satsing også i vår bygd. Fylket har allereie for lang tid sidan løyvd midlar til eit forprosjekt for Uskedalen som må gjennomførast før nyttår.



Nina Kaltwasser – eldsjel som gjer ein stor jobb for å få fleire turistar til Åkrafjorden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalingane vart imponerte både over den storslagne naturen og den fascinerande kulturhistoria langs Åkrafjorden og over kor mykje som er gjort på stutt tid for å organisera eit fristande tilbod for turistane. Og resultatata har ikkje venta på seg. Eit sightseeingopplegg til vanns og til lands frista 600 første sesongen, og allereie i år har talet auka til 2.000.

-Eg er svært godt fornøgd, særleg fordi vi kom seint i gang på grunn av ein forseinka båtopplegg, seier Nina Kaltwasser til uskedalen.no Ho har vore leiar i Åkrafjorden Oppløving, er leiar i Åkrafjorden Guiding og ikkje minst vertinne på Eljervik gard.

Fylkeskommunen satsa til slutt 190.000 på ein turistrutebåt der halvparten av turistane kom ombord i Leirvik. Men Kaltwasser slår fast at båtsatsinga vart altfor dyr og at det må finnast ei anna løysing.



På Eljervik fekk uskedelingane møta lokale mat-tradisjonar. Prosjektleiar Kristian Bringedal sit til høgre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men det er til lands den verkeleg store, turiststrømmen kjem og som det gjeld å stoppa. Faktisk passerer 500.000 køyrety kvart år på E 134 og den største natur-attraksjonen dei passerer er Langfossen som har eit totalfall på 612 meter, er landets femte høgaste fossefall og er kåra til ein av dei 10 flottaste fossane i verda. Eljervik gard har orkesterplass til fossen og vertskapet Nina Kaltwasser og Øystein Eljervik satser stadig meir på turisme sjølv om dei driv med både sau og gris. Eit av lokkemidla er spektakulær fjordrafting i opptil 40 knops fart med rib-båt, ein aktivitet med sonen Karl Erik ved spakane.

- Det er han som skal overta her og det gjeld å skapa ny utvikling. Allereie i år har vi overskot, fortel Nina, som strekar under at servering av lokalprodusert mat er ein viktig del av tilbodet.

Dei organiserte turane er også eit spanande kapittel. Ein kan til dømes velja mellom fjordcruise, fjordsafari, fjordsightseeing med strandhogg, traktorsafari opp den bratte fjellsida til Eikemo og Nordsida Kultursti. Traktorsafarien var mest populær denne sommaren. På den veglause nordsida av fjorden er det som om tida har stått stille i fleire hundre år. Uskedelingane hadde tysdag ein spanande tur inn fjorden frå Åkrafjordtunet til Eljervik.

Hensikten med turistsatsinga er å betra næringsgrunlaget og folket langs Åkrafjorden er allereie godt på veg. Åkrafjordtunet der spekematprodusenten Lundal ligg og har kafe og butikk illustrerer kva som er på gang, med sine 25 deltidansatte og 17,5 millioner i omsetnad. I nærleiken ligg også Åkrafjorden Heimebakeri.

Marknadsføringa har også vore ein suksess. Nina kan opplysa at dei så langt har hatt 25 heilside-oppslag i avisene og at til og med National Geographic har vore innom for å dekkja traktor-safarien.

Av Ola Matti Mathisen



Besøk og omsetnad er imponerende ved Åkrafjordtunet, der uskedalingane starta studieturen sin. (Foto: Ola Matti Mathisen)